


108 VALLDØLA

Naturvern og friluftsliv



MILJØVERNAVDELINGA

Fylkeshusa, 6400 Molde

Tlf. 072-58000

Rapport nr. 7 -1988

ISBN 82-7430-012-2

FORORD

Direktoratet for naturforvaltning tok i 1987, i samband med forarbeidet til Verneplan IV for vassdrag, opp spørsmålet om supplering av av dokumentasjonen rundt allereie verna vassdrag.

I Møre og Romsdal vart Valldøla i Norddal kommune (Verneplan I) valt ut på bakgrunn av følgjande generelle utvalskriteria:

- a) Vassdraget bør ligge i ein naturgeografisk region/delregion som frå før har dårleg, ufullstendig eller uklar dekning i verneplanen.
- b) Vassdraget bør ligge i nærleiken av vassdrag som er aktuelle for verneplan IV.

Målsettinga for rapporten skulle vere å få fram meire opplysningar om naturvern og friluftsliv inklusive vilt og ferskvannsfisk, og til eit kvalitetsnivå tilsvarande vassdragsrapportane i Samla Plan for vassdrag.

Ansvaret for rapporten vart overlata til Fylkesmannens miljøvern-avdeling i Møre og Romsdal som engasjerte konsulent Ketil Valde i firmaet "Biotopia" til å utføre arbeidet.

Ketil Valde har stort sett avgrensa feltarbeidet til synfaringar og kontakt med ei rekkje lokalkjente personar. Han har dessutan leita opp tidlegare rapportar og undersøkingar frå området. Det er såleis ikkje utført grundige feltundersøkingar for nokon av fagfelta i denne omgang. Dei konklusjonane som er skissert opp er derfor å sjå på som midlertidige. Framleis er det derfor eit stort behov for meire grundige undersøkingar for å kunne trekkje sikrere konklusjonar om verdiane i nedbørsfeltet til Valldøla.

Miljøvernavinga, 18. mars 1988

Oddvar Moen
vassdragsforvaltar

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

Seksjon	Side
DEL I: NATURVERN OG FRILUFTSINTERESSER I VASSDRAGET	
1. GEOGRAFISK PLASSERING	2
2. NATURGEOGRAFISK INNDELING	2
3. LANDSKAP	2
4. KLIMA	4
5. GEOLOGI	4
5.1 Berggrunnsgeologi	4
5.2 Kvartærgeologi	5
6. VEGETASJON	6
6.1 Generelt	6
6.2 Vegetasjonen i delar av nedslagsfeltet - ei grov oversikt	7
6.2.1 Valldalen frå Sylte - Alstad	7
6.2.2 Valldalen ovafor Alstad	8
6.2.3 Vegetasjon i sidedalane og fjellområda rundt	9
7. DYRELIV	11
7.1 Forekomst av ulike artar	11
8. FERSKVASSFISK OG FISKE	13
8.1 Generelt om området	13
8.2 Valldøla nedanfor Alstad	13
8.3 Valldøla ovafor Alstad samt sideelvar	13
9. FRILUFTSLIV	14
9.1 Generelt om området	14
9.2 Viktigaste friluftsområda	15

Seksjon	Side
---------	------

DEL II: TEKNISKE INNGREP - PLANSITUASJONEN


10.	TEKNISKE INNGREP	19
11.	PLANSITUASJONEN	20
11.1	Verna og verneverdige område	20
11.2	Friluftsliv	21

DEL III: VERDIVURDERINGAR

12.	NATURVERN	23
12.1	Referanseverdi	23
12.1.1	Vegetasjon	23
12.1.2	Dyreliv	24
12.1.3	Geologi	24
12.1.4	Fisk	24
12.1.5	Samla vurdering av verdien som referanseområde.	25
12.2	Representativitet	25
12.2.1	Vegetasjon	26
12.2.2	Dyreliv	26
12.2.3	Geologi	27
12.2.4	Fisk	27
12.3	Verneverdige område/forekomstar	27
13.	Jaktinteresser	28
14.	Fiskeinteresser	28
15.	Friluftsliv	29

KJELDER : Rapportar og kontaktpersonar

VEDLEGG : Generalplan for Norddal kommune



D E L I:

NATURVERN- OG FRILUFTSLIVSINTERESSER I VASSDRAGET

1. GEOGRAFISK PLASSERING

Vassdraget ligg i indre strok av Sunnmøre i Møre og Romsdal. Elva renn ut i ei arm av Storfjorden. I nord og nordvest grensar vassdraget mot fjella rundt øvre delar av Stordalen, Måna, Innfjorden og Istra, medan ein i aust kjem over til vassdraga Verma og Ulvåa som er sideelvar til Rauma. I sør går grensa mot nedslagsfeltet til Muldalselva ved Tafjorden. Vassdraget ligg i Norddal kommune.

2. NATURGEOGRAFISK INNDELING

Dei lågtliggjande delane av vassdraget er i region 37f "Vestlandets lauv- og furuskogsregion", underregion "Nordfjord og Sunnmøres fjordstrokk". Fjellområda høyrer under region 35e "Møretindane".

3. LANDSKAP

Valldalen er omgitt av høge fjellparti der toppane når opp i høgder på 1400 - 1700 m.o.h., og både hovuddalen og sidedalane har skore seg djupt ned i dette fjellmassivet. Høgdeforskjellen mellom dalbotnen og fjella rundt er stor. Dei bratte fjellsidene opp mot dei høge, mektige fjella, gir landskapet eit storslagent og vilt preg. Dette må seiast å vere eit karaktertrekk ved landskapet i heile nedslagsfeltet inklusive sidedalane.

Valldalen er ein heller trong dal, som berre åpnar seg der sidedalane kjem inn til hovuddalen. Dette er med på å forsterke den heilt sentrale funksjon vassdraget har i landskapsbiletet. Valldøla må karakteriserast som ei vakker elv. I storparten av løpet går elva i stryk, men ein finn også parti der ho går i buldrande fossar, eller motsatt der ho flyt stille og roleg i ein flatare del av dalen.

Dei mest markante og kjende fossane i Valldøla er ved Gudbrandsjuvet (Alstad) og ved Hol. Noko mindre kjent er den flotte fossen mellom Øvste- og Nedstestølen. Ferdast ein langs vegen, vil ein også legge merke til dei særleg vakre elvepartia i Meiardalen der elva går i kraftige stryk.

I dalsidene kjem det ned ein del mindre sideelvar og bekkar som går i fossar og stryk ned dei bratte sidene, og når desse har god vassføring, betyr dei mykje for landskapsbiletet.

Dalsidene er skogkledd opp til 700 - 800 moh. Valldalen er kjent for dei mange snørasa i store delar av dalen, og dette set tydelege merke i vegetasjon og landskap. I enkelte parti er vegetasjonen så godt som borte, medan det i andre rasmarker er berre kortvokst vegetasjon.

Langs dei nedre delar av elva nedanfor Alstad, er elva stort sett omgitt av kulturmark og busetnad. Her er elva for ein stor del forbygd, og det er svært lite tilbake av opprinneleg natur. Elva er imidlertid ikkje blitt nemneverdig utretta, og går stort sett i sine naturlige slynger. Samstundes er fleire av forbygningane heller skånsomt utført, og elva fell derfor bra inn i kulturlandskapet. Dyrka mark vekslar med små skogholt og ofte med eit smalt belte kantskog langs dyrkamarka. Dette gir kulturlandskapet ein vakker utsjånad enkelte

stader.

Ein del inngrep er imidlertid skjemmaende for landskapet som til dømes dei store sand- og grustaka i dei store terrasseavsetningane i nedre del av vassdraget. Dei store kraftoverføringslinjene frå Tafjord kryssar dalføret i nedre del. Ved utløpet av vassdraget ligg tettstaden Sylte, og deltaområdet her er utfyllt til sentrumsføremål. Det er gjort lite for å pynte opp i dette området.

Langs heile dalføret er det bygd veg som fortset over til Isterdalen via Trollstigen. I eit så trangt dalføre som Valldalen, medfører dette at vegen blir dominerande i landskapet fleire stader i hovuddalen.

Eit positivt trekk landskapsmessig er at det er svært få kraftlinjega-ter i dalen når ein ser bort frå dei nedste 2 km. Ovafor Langdalen og i dei fleste sidedalane er det faktisk heilt fritt for kraftlinjer.

Vatn og innsjøar manglar nesten heilt i hovuddalføret. Det er ikkje før ein kjem heilt i øvre delar av dalen at ein finn nokre mindre vatn. Desse ligg ved Slettvikane, eit parti i dalen som landskapsmessig skil seg klart ut som eit eigenarta område. Her finn ein klare og godt utforma lausmasseavsetningar med terrassar, haugar, ryggar og elvesletter som spor etter siste istid og tida etter.

Langt dei fleste vatna finn ein i fjellområda i sidedalane til Valldalen. Så godt som alle vatna ligg over skoggrensa, og dei fleste er heller små, men med nokre større vatn som Langvatnet og Krynkelvatnet. Einaste vatna under skoggrensa er Djupdalsvatnet og Glupen.

Det er få og stort sett små sidedalar som kjem frå fjellmassivet nord og nordvest for Valldalen. Dei største er Taskedalen/Valldalsbotnen og Berilldalen. Frå sør og aust kjem det ned fleire og større sidedalar. Felles for alle er at dei har sitt utspring i høgfjellsområde. Det er tronge og oftast u-forma dalføre omgitt av ein fjellnatur med høge nutar og bratte fjellsider. I dette kontrastrike landskapet er det vassdraget som gir liv til naturen. Øvst i vassdraga ligg dei mange vatna i botnar under høge fjell, og landskapsmessig dominerar desse kontrastrike elementa: høge, stupbratte bergsider opp mot nutar og massive fjell, og nedanunder dei djupe stille fjellvatna som fyller heile dalbotnen. Lenger nedover dalføra finn ein ofte fleire vatn som ligg på rekkje og rad i dei meir eller mindre trappetrinnsforma dalføra.

Sidedalane er i større eller mindre grad hengande i forhold til hovuddalen, og i områda like før sidedalane møter hovuddalen, går derfor elvane i sidedalane ofte i fossar og kraftige stryk. Dette er landskapselement som er sentrale for sidedalane, og enkelte av fossane er også synlege frå hovuddalen. Elles finn ein også fossar lenger oppe i sidedalane som betyr mykje for landskapsbiletet. Grovt sett kan ein seie at dalane er trappetrinnsforma i lengdeprofil, ein geologisk formasjon som er typisk for iseroderte dalføre. For kvart trappetrinn, går elva i stryk og foss, og danner dermed viktige innslag i landskapsbiletet.

Ser ein på utforminga av sidedalane er det ei påfallande endring frå aust mot vest. I aust, representert ved Langfjelldalen, er stigninga oppover i dalen svært slak, og med meir utydelege trappetrinn. Det er høge, men oftast litt avrunda fjell som omgir dalen. Mot vest blir dalane langt brattare i lengdeprofil som til dømes Steindalen. Her er det større og meir markerte "trappetrinn" der elva går i fossar og

stryk. Landskapet blir meir dramatisk og meir typisk vestlandsk.

Samla vurdert, representerer Valldalsvassdraget eit karakteristisk fjell- og dallandskap frå dei indre fjordarmene, og opp i dei høge, ofte forrevne vestlandsfjella. Så godt som alle vatna i vassdraget ligg i høgtliggjande område over skoggrensa. Nedre delar av vassdraget er prega av kulturlandskap, medan det i øvre halvdel og i sidedalane er stort sett uberørt natur.

4. KLIMA

Klimaet er stort sett prega av vestlege vertypar med relativ bra med nedbør. Valldalen ligg imidlertid så pass langt aust at ein ofte kan få inn austlege vertypar. Dette gir eit noko annleis klima enn i ytre og midtre strok av fylket. Sommarstid er dagtemperaturane vanlegvis høgare i desse indre fjordstroka enn langs kysten. Middelterperaturen i sommarmånadane er om lag 12 - 15 grader, men på varme dagar kan maksimumstemperaturen kome opp i over 30 grader. Dette gjeld særleg i nedre del av dalføret i dei lune, varme, sørvendte liene.

Vintrane er heller milde i nedre delar, men likevel klart kjøligare enn i kyststroka. Middelterperaturen er rundt null grader dei kaldaste månadene, men det er likevel vanleg med lange periodar med stabilt, kaldt vinterver. Lenger oppover i dalføret, og då mest i dei øvre delane, er det meir stabilt, kjølig vinterver. Skilnaden frå nedre delar er påfallande.

Haust og vintermånadane er dei mest nedbørsrike. Årsmiddelet for nabo-bygda Taffjord er om lag 1000 mm, som er lavare enn det ein kan finne i midtre strok av fylket. Her er det imidlertid store lokale variasjonar. Dei høge fjella rundt dalen gjer at sola seint "får tak" og snøsmeltinga kan bli sein.

Sterk vind er langt sjeldnare i dei indre fjordstroka som Valldalen høyrer med til enn i kyststroka i fylket.

I øvre delar av Valldalen og i sidedalane blir klimaet kjøligare. I fagterminologien er klimaet i Valldalen karakterisert som maritimt, med overgang til maritimt fjellklima i høgareliggjande strok. Vassdraget ligg i ei overgangssone mellom det maritime klimaet vi har i vest, og det meir kontinentale klimaet ein får i austlege fjelltrakter.

5. GEOLOGI

5.1 Berggrunnsgeologi

Opplysningar om berggrunnsgeologien er henta frå "Berggrunnskart over Norge" (NGU 1984). Etter opplysningar frå NGU vil det i løpet av eit par år bli utarbeidd eit berggrunnsgeologisk kart i 1:250000 som vil dekke Valldølas nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet ligg i grunnfjellsområde med bergarter av prekambrisk alder som her og der er kaledonsk påverka. Langt det meste av nedslagsfeltet har migmatittiske gneisar som er av granittisk og grano-

diorittisk samansetning. Hovudsakleg er det bandgneis, men ein finn også parti med augnegneis, bl.a. like aust for Linge. I sør kjem det imidlertid inn eit smalt belte med andre bergartar. Beltet startar om lag ved Linge og fortset rett austover sør for hovuddalføret til om lag ved Grønningsøter. Fleire stader kjem desse bergartane i dagen f.eks. i Sandfjellet. Desse bergartane består hovudsakleg av granodiorittisk gneis som har hyppige forekomstar av finkornige biotitt- og hornblenderike, grå gneisar. I dette bandet finn ein også ei stripe av kvartsitt, samt flekkar av anortositt og ultramafiske bergartar (basiske djupbergartar). Der kan ein finne olivin og eklogitt.

5.2 Kvartærgeologi

Det ligg føre kvartærgeologiske kart i 1:50000 som dekkjer heile nedslagsfeltet til Valldøla. Nokon utfyllande verbal omtale er ikkje gitt i tilknytning til karta, så det følgjande er i tillegg basert på tolking av dei kvartærgeologiske karta, samt inntrykk frå synfaringar. I tillegg er to felt omtalt av Sollid og Sørbel (1984) som verneverdige kvartærgeologiske forekomstar.

I høgareliggande fjellområde i nedslagsfeltet er det mykje bart fjell med lite eller ingen lausmasse i dei bratte partia. Oppå dei flatare fjellpartia finn ein ofte morenedekke som regel i eit tynt dekke. Blokkmark og blokkrik morene er vanleg. Nedanfor dei bratte, nakne fjellsidene ligg det rasmateriale.

Kjem ein ned i sidedalane til Valldalen, blir morenedekket meir samanhengande. I dalsidene ligg det oftast rasmateriale. Nedover mot munningen av sidedalane blir morenedekket mektigare noko som er eit typisk bilete for lausmasseavsetningane i regionen. På flatare parti i dalbotnen finn ein ofte mindre område med elveavsetningar.

Avsetningane i hovuddalføret består hovudsakeleg av morenedekke som for det meste er nokså tynt, men som ein del stader blir tjukkare og meir samanhengande. Langs elva finn ein også mange stader breelvavsetningar og elveavsetningar. I dalsidene er det til dels store mengder rasmateriale under dei høge og bratte fjella. Myr finn ein mest i øvre halvdel av dalføret, og berre i svært liten utstrekning nedanfor Alstad.

Det fins ei rekkje israndavsetningar, særleg etter lokalbrear i litt høgareliggande strok, men også etter større breframstøt. Mange av dei store avsetningane er tolka slik at det i Yngre Dryas var eit breframstøt som rakk til nedre del av Valldalen. Der vart det avsett store mengder sand og grus framfor breen, og slik blei dei skapt dei breelvavsetningane som ein finn der i dag. Terrassenivået ligg her på ca 120 - 125 m.o.h. I store delar av terrassane foregår det i dag storstilt sand og grusuttaking.

Retten sør for Alstadhaug er det avsatt svært store sidemorener frå ein bre som gjekk ned Valldalen. Samtidig med dette breframrykket, gjorde sjølv sagt også lokalbreane framrykk, og ein finn mange og klare avsetningar etter dette. Det kan ein særleg finne på nordsida av Neskopp-tindane, men også andre stader i nedslagsfeltet.

Det er særleg to område som utmerkar seg kvartærgeologisk. Det eine er Slettvikane med ei samling av fleire typar avsetningar. Ein brearm har truleg i slutten av Yngre Dryas kome ned Langfjelldalen og avsatt endemorener, spylerenner og breelvavsetningar med terrassedanning. Ei

sandurflate er særleg fint utforma og har eit nettverk av gamle dreneringsspor på overflata (Sollid og Sørbel 1981).

Det andre særleg verdfulle området, omfattar avsetningane frå lokalbreframstøta på nordsida av Neskopptindane, samt dei mektige sidemorenene i dalsida ovafor Alstadsæter. Desse formasjonane har truleg blitt danna ved eit breframstøt i Yngre Dryas.

Eit tredje, litt spesielt område i nedslagsfeltet er Skjersura. Dette er ei ur med store steinar og blokker som går over heile dalbotnen ovafor Alstad. Ura er truleg danna ved at eit stort ras frå fjellsida har glidd utover ein isbre som då fylte dalen, og så blitt avsatt då isen smelta. Det knyter seg også kulturhistoriske interesser til denne ura.

6. VEGETASJON

Omtalen byggjer mykje på dei synfaringane som blei gjort i samband med denne rapporten, men også på ein del tidlegare registreringar både frå privatpersonar og frå offentlege etatar. I bygdeboka for Valldalen, står det eit eige kapittel om vegetasjonen. Her har Børre I. Grønning-sæter presentert ein del av sine registreringar og vurderingar. Det er og innhenta opplysningar frå Kjell Langdal som har gjort private notater om vegetasjonen i delar av nedslagsfeltet. Arnfinn Skogen ved Bergen univ. har i telefon gitt ein kort omtale av sine intrykk frå tidlegare besøk i delar av nedslagsfeltet. Det har også vore synfaringar i dalføret med tanke på verneverdige myrområde, der to mindre område er omtalt. Det er og foretatt botaniske registreringar av havstrand ved Sylte i samband med registreringar av verneverdige havstrandlokalitatar.

Det er i synfaringane som er foretatt i samband med denne rapporten, blitt lagt mest vekt på å få ei grov-oversikt over vegetasjonen i vassdragsnære område. Stort sett er det svært overflatiske registreringar som det er blitt tid til å gjere, og store delar av nedslagsfeltet er ikkje synfart.

Totalt sett gir dette ein del opplysningar om floraen, men materialet dekkjer ikkje heile nedslagsfeltet, og opplysningane er noko springande og usamanhengande. Det er såleis trong for langt bedre undersøkingar for å kunne gi ei tilfredsstillande vurdering og omtale av dei botaniske verdiane i nedslagsfeltet.

6.1 Generelt

Vassdraget ligg i dei indre fjordstrok og spenner over område frå dei lune, varme fjordliene opp til snaue høg fjell. I tillegg til denne høgdegradienten er det også ein aust - vest gradient der ein i austlege delar får oftare innslag av austlege vertypar. Berggrunnen i nedslagsfeltet er stort sett fattig, og dette gir ein fattig vegetasjon. Imidlertid er klimaet gunstig i nedre delar av vassdraget noko som gir vekstvilkår for meir sørlege og austlege artar. Likevel er inntrykket av vegetasjonen at det er mindre frodig og rik vegetasjon i skogliene i lavlandet enn det som er vanleg for tilsvarende dalføre på Sunnmøre. Ein finn innslag av varmekjære plantar, men ikkje velutvikla edellauvskogsområde av nokon utstrekning. Elles påpeikar Skogen (Bergen univ.) at furuskogane på sand og grusavsetningane i nedre del er sjeldne for Vestlandet. Her finn ein ei kontinental utforming av

undervegetasjonen.

Eit utprega trekk ved Valldalen er spora i vegetasjonsbiletet etter dei mange rasa som går i dalsidene. I store delar får skogen ikkje utvikle seg, og blir anten svært småvokst (krattskog) eller manglar heilt.

Den fattige berggrunnen gjer at vegetasjonen vidare oppover langs vassdraget er fattig. Berre i mindre parti finn ein meir frodige og rike vegetasjonstypar. Beitetrykket viser også tydelig igjen på vegetasjonen. I dei høgareliggende fjellområda er vegetasjonen svært fattig.

Det er registrert litt meir rik vegetasjon på sørsida av Valldalen der det kjem inn litt andre bergartar enn gneisen som dominerar. På to stader er det registrert kalkindikatorar i fjellområda, nemleg i Berilldalskoppen og ved Sandfjellet. Elles er det registrert planteartar som indikerar kalk i berggrunnen i eit lite felt i dalsida nord for Grønning.

6.2 Vegetasjonen i delar av nedslagsfeltet - ei grov oversikt

6.2.1 Valldalen frå Sylte - Alstad

I denne delen av dalen er kulturpåverknaden stor. Vegetasjonsområda i deltaområdet er stort sett blitt nedbygd, og det er berre smale, ubetydelege soner tilbake. Vidare oppover i dalføret til Gudbrandsjuvet, er områda inntil elva i stor grad blitt oppdyrka, eller har gått med til vegbygging. Dei fleste stadene der elva går i nokså flatt terreng, er det blitt lagt opp forbygningar. Det er såleis lite tilbake av opprinneleg vegetasjon nærast inntil elva dei nedste 14 km av vassdraget, og våtmarksområde av betydning finn ein ikkje.

Det meste av dalbotnen er altså kulturmark, men ein finn likevel ein del område med meir naturleg vegetasjon.

Oppå platået til dei markerte grus- og sandterassene nedst i dalen finn ein høgvaksten furuskog. Desse furuskogane har i følge A.Skogen (Bergen Univ.) ein kontinental utforming som er sjelden å finne på Vestlandet.

I enkelte bakkeskråningar ned mot elva og på dei eldste elveforbyggingane, finn ein meir lauvtre med gråor og bjørk som dominerande. Feltsjiktet her er ofte sterkt nedbeita, men kan og enkelte stader ha ein frodig utforming.

Blandingsskog med bjørk og furu er eit vanleg innslag i midtre og nedre delar av Valldalen. Desse skogtypane har ein heller fattig utforming med lyng og mosevegetasjon i skogbotnen.

Dalsidene er stort sett skogkledde, og dei mest dominerande treslaga er bjørk, furu og gråor som dels står i blandingsskogar, dels i meir reine bestandar. Vegetasjonsbiletet ber imidlertid tydeleg preg av at det ofte går snøras i dalsidene, og i store område der rasa går oftast, manglar skogen eller det er berre buskvegetasjon. På dei mest ekstreme stadene er fjellsida blankskurt og utan vegetasjon.

Kulturpåverknaden i dalsidene er stor, og då særleg i dei lavareliggande delane. Det er foretatt omfattande utplanting av gran. I visse område som f.eks. ved Heggen og Myklebost/Omenos, er granplantefelta heilt dominerande.

Floraen i dei skogklede dalsidene er mangelfullt undersøkt, men det ser ut til at vegetasjonsutforminga stort sett er fattigare og mindre frodig enn det som vanleg for regionen. Ein finn fleire varmekjære og krevjande artar, men desse er som regel knytte til mindre og flekkvis fordelte område. Edellauvtre som lind, lønn, alm og ask er vanlege innslag i nedste delar av dalføret i sørvendte, lune sider. Særleg gjeld dette områda ved munningen ut mot fjorden og utover mot Linge. I desse skogliene er kulturpåverknaden stor, og skogane har truleg hatt større utbreiing tidlegare. Delar er blitt hogd, og tatt i bruk særleg til granplantefelt. Det er ikkje registrert større samanhengande edellauvskogar som er av interesse i verneplanssamanheng.

Også i dalsidene lenger oppover i dalen kan ein finne krevjande og litt spesielle artar, men desse er oftast registrert enkeltstående eller i små og avgrensa område. Innslag av alm kan ein finne oppover til Krikane. Lauvskogsliene er såleis varierte, og består dels av naturtypar som har ein høg biologisk produksjon, men truleg noko lavare enn det som er vanleg i tilsvarende område på Sunnmøre.

Gråora er eit markant innslag i vegetasjonen i dalsidene, og i enkelte område, f.eks. på rasvifter danner den tjukke, tette bestandar. Her er det typisk kratt-preg på skogen, og meir høgvaksen, velutvikla oreskog er mindre utbreidd.

Høgare oppe i dalsidene avtar desse skogtypane, og meir einsarta bjørkeskog/fjellbjørkeskog tar over. Lengst opp mot fjella blir det så meir trelaus rasmarkvegetasjon.

I nordvendte dalsider har vegetasjonen ein mindre frodig utforming. Her dominerar blandingsskog med bjørk og furu samt bra innslag av gråor.

6.2.2 Valldalen ovafor Alstad

I denne øvre halvdel av dalføret er det gjort langt mindre inngrep i den naturlege vegetasjonen enn lenger nedover i vassdraget. Dalføret er for det meste svært trangt, og med berre ein smal dalbotn. På begge sider er det høge, bratte fjell med rasmateriale ved foten, ned til dalbotnen. Dalsidene er for det meste skogklede, men som i nedre halvdel er det også her tydelege spor etter rasaktivitet der skogen anten manglar eller er svært småvokst.

Ved Alstad finn ein eit større område med mykje furuskog med ein fattig undervegetasjon. Furuskoen veks på svært grove lausmasser med mykje stor stein og blokker. Lenger oppover i dalføret finn ein ikkje eigentleg furuskog, men furutre finst spreidd i ein del område.

Elles i dalbotnen og i dalsidene opp til 700-800 moh., er det bjørkeskoen som dominerar saman med mindre myrdrag og rasmarkvegetasjon der skogen manglar. Vegetasjonen ser ut til stort sett å ha ein vanleg utforming for regionen. Bjørkeliene har ofte ein undervegetasjon med blåbær og bregne som viktige innslag. I sørhellingane kan vegetasjonen vere frodig, medan ein i nordhellingane stort sett finn fattigare naturtypar med lavare biologisk produksjon.

Det er noko meir innslag av myrvegetasjon i denne øvre halvdel av dalføret enn i nedre. Dette er for ein stor del bakkemyrar i overgangen mellom dei bratte dalsidene og dalbotnen, og vidare ned mot elva. Myrene har ein typisk utforming for bakkemyrar i regionen. Stort sett er det fattig til intermediar vegetasjon, med små flekkar rikmyr.

To myrområde er vurdert i samband med verneplanen for myr. Den eine er eit lite "myrkompleks med mange myrelementsamlingar. Flatmyr er vanligst, men også bakkemyr og kanthøgmyr inngår. Fleire små tjern og småhol finst" (Fylkesmannen 1985). Denne myra ligg i dalbotnen mellom Grønning og Grønningsæter. Den andre myra ligg ved Høyhjelle og utgjær bakkemyrane som ein finn i overgangen mellom dei bratte dalsidene og elva.

Rasmarkvegetasjon finn ein relativt mykje av i dei bratte dalsidene, og her kan ein finne ganske frodig vegetasjon. Desse vegetasjonstypene er lite undersøkte.

Elva går ein del stader i fast fjell. Lausmassedekket i dalen er enkelte stader svært tynt, og her finn ein ofte tørre lyngrabbar med fuktige myrdrag i mellom (f.eks. i Meiardalen ovafor Øvstestølen).

Det er ikkje registrert vassvegetasjon i sjølve elva med unntak av nokre små område med fattig vassvegetasjon ved vatna på Slettvikane., I mindre område langs vassdraget finn ein sumpaktige område med gråorskog og ein rik undervegetasjon. Denne vegetasjonstypen har imidlertid svært liten utstrekning.

Opp mot fjella og i øvre del av hovuddalføret går bjørkeskogen gradvis over til fjellbjørkeskog. Blåbærlyng utgjær ein dominerande del av botnvegetasjonen, og på gunstige lokalitetar kan ein få ein meir frodig flora.

Over 700 - 800 m.o.h. er det slutt på skogen. Berre på gunstige plassar finn ein skogholt over dette nivået. Her overtar den subalpine vegetasjonen. På dei flatare partia i dalbotnen finn ein ofte lyngheivevegetasjon som skiftar med myrdrag, medan ein i dei brattare dalsidene finn rasmarkvegetasjon. I dei sørvendte, lune delane, står det ein del fjellbjørkeskog. Stort sett er det ein heller fattig vegetasjon på lyngheiene og myrdraga i dalbotnen og med eit begrensa artsutval. I rasmarkene kan ein imidlertid finne noko rikare utformingar med ein frodig og variert flora på dei gunstigste lokalitetane.

6.2.3 Vegetasjon i sidedalane og fjellområda rundt

I dalføret langs Myklebostelva er det i nedre delar svært kulturpåverka vegetasjon. Store felt er tilplanta med gran, særleg i austsida av dalmunningen. Dalen er trong, og med meir eller mindre bratte dalsider heilt ned til elva dei fleste stadene. Men enkelte flatare parti fins, og her er det i nedre delar sætervollar. Dette har medført at ein ser tydeleg beite-effektar på vegetasjonen.

Det dominerande inntrykket av vegetasjonen i dette dalføret er bjørke-liene som går opp til om lag 700 m.o.h. Utforminga på undervegetasjonen i skogen ser ut til å vere som vanleg for distriktet med mykje blåbærlyng og bregne, men også med mykje innslag av gras og nøysomme urter. Høgare opp mot fjellet går bjørkeskogen over i fjellbjørkeskog

som dannar skoggrensa. Det er hyppige innslag av fuktige sig og myrdrag innimellom bjørkeskogen, og vegetasjonen her ser stort sett ut til å vere triviell.

Vegetasjonen i fjellområda her, ligg det ikkje føre opplysningar om.

Nedste delen av Berilldalen er skogkledd med bjørkeskog i dalsidene. I den smale dalbotnen dominerar også bjørkeskogen, men her finn ein også hyppige innslag av fuktige myrdrag. Bjørkeskogane har mykje blåbærlyng og dels bregne i skogbotnen, og sjølv om ein finn frodige parti, så er det hittil ikkje funne direkte rike område. Myrene er stort sett bakkemyrar med ein heller fattig, artssamansetning.

Opp mot skoggrensa på om lag 700 m.o.h., finn ein fjellbjørkeskog. Over dette nivået overtar den subalpine vegetasjonen. Her manglar ein nesten heilt registreringar, men det som ligg føre tydar på at vi har med vanlege vegetasjonstypar å gjere. På eidet mellom Fremste Berilldalsvatnet og Sjøbolet i Innfjorden, skal det vere funne reinrose som er ein kalkindikator. Arten er berre funnen ein plass elles i nedslagsfeltet (Bygdebok for Norddal).

Langfjelldalen ligg så høgt at det meste ligg over den vanlege skoggrensa i distriktet. Ein finn fjellbjørkeskog berre nedst i dalsidene ved utløpet, og i dei lunaste, sørvendte liene innover i dalføret.

Den dominerande vegetasjonen er likevel lynghei som vekslar med fuktige drag og myrar i dalbotnen, og med gras og urterik rasmarkvegetasjon i dalsidene. Lyngheivegetasjonen finn ein helst på dei sand- og grusrike avsetningane i dalbotnen og i nedre delar av dalsidene. Stort sett ser vegetasjonen ut til å vere fattig. I dalsidene på rasmarker kan ein imidlertid finne meir artsrike samfunn med ei frodig utforming.

Vassvegetasjonen er svært begrensa, og det er få stader at ein finn små bestandar i stilleflytande delar av elva eller i vatn.

Øvst i Langfjelldalen ved Langvatnet er det meir sparsomt og spredt vegetasjonsdekke. Dominerande er lavproduktive lyngheier som vekslar med fattige snøleiesamfunn (Holten 1984).

I dei høgastliggende fjellområda i nedslagsfeltet er det registrert lavproduktive vegetasjonstypar som vekslar med blokkmark og bart fjell (Holten 1984).

Veslelangdalen. Skog finn ein berre i dei nedste 1-2 km av dalføret. Her finn ein bjørkeskog med blåbærlyng som ein dominerande art i skogbotnen.

Høgare oppe overtar fjellvegetasjonen med mykje lyngheivegetasjon som vekslar med fuktigare område der ein finn meir myrplantar. Artssamansetninga viser fattige og vanlege vegetasjonstypar for regionen. På rasmateriale i dalsidene, er det noko meir artsvariasjon og med meir innslag av urtevegetasjon. Artsutvalet er større, og i gunstige sørvendte område kan det vere svært frodig.

Vassvegetasjon er det så godt som ingenting av i dette vassdraget heller, men i mindre område kan ein finne fint utforma våtmarksvegeta-

sjon. Dette gjeld f.eks. ved Osvika der elva har danna ei fin elveslette med mange små dammar og der elva er sterkt forgreina. Vegetasjonen er typisk for regionen og med ein fattig utforming.

Mellom Fremste Veslelangdalsvatnet og Bjørnebotvatnet blir vegetasjonsdekket meir sparsomt og flekkvis. Her er det mykje snøleiesamfunn og snaut fjell. Rundt Bjørnebotvatnet er det lite vegetasjon, og fjellvegetasjonen er ekstremt fattig.

Steindalen. Dette vassdraget kjem frå fleire, og til dels store vatn i høg fjellet der det er lite og karrig vegetasjon. Det er først i området nedanfor Tjørnane at ein får nokolunde samanhengande vegetasjon. Etter kvart som ein nærmar seg Steindalsstølen blir vegetasjonen av meir subalpin karakter, og det kjem inn fjellbjørkeskog i liene.

Djupdalen er ein meir skogkledd dal som ligg noko lavare enn dei andre dalføra. Her finn ein dei einaste vatna som ligg under skoggrensa, men etter dei opplysningane som ligg føre, har vatna ikkje preg av skogsvatn. Mellom Djupdalsvatnet og Glupen er det ein del myrområde med ein fattig vegetasjon.

7. DYRELIV

Opplysningane om dyrelivet i nedslagsfeltet stammer stort sett frå lokalbefolkninga. Det er ikkje utført systematiske og grundige registreringar i nokon del, men ein del opplysningar har kome frå Norsk Ornitologisk Forening som har drive ein del kartlegging av hekkande fugl i området. Det blei også under synfaringane gjort ein del notater om fuglelivet.

7.1 Forekomst av ulike artar

Hjort er klart talrikast av hjortedyra, og fins spreidd i bra bestandar langs heile dalføret. Sommarbeita må kunne karakteriserast som gode. Vinterstid trekk hjorten ned mot fjorden, og står i liene nedst i dalføret og utover langs fjordsida mot Linge. Eit ikkje ubetydeleg trekk går også via Berilldalen over til Innfjorden.

Rådyrstammen i Valldalen er relativt liten, men varierar naturleg nok mykje. Arten finst i klart mindre tal enn hjorten.

Elg er i seinare år blitt observert i stadig stigande tal. Innvandringa skjer frå aust frå Vermedalen/Ulvådalen og gjennom sidedalane til Valldalen. Arten er blitt så vanleg at det no blir diskutert å åpne for jakt. Overvintringsområdet skal vere ved Berill/Øvstestølen.

Villrein finn ein på sommarbeite mest i fjell- og dalområda i sør og aust. I dei seinare åra har arten vore freda i denne delen av Reinheimstammen. Formålet har vore å få auka dyretal og utvida utbreiingsområdet. Dette ser ut til å ha hatt verknad då det er registrert rein i område lenger vest dei siste åra, og eldre kalvingsplassar ser også ut til å ha blitt tatt i bruk. Kalving er registrert vest for Langvatnet, og etter spor å døme, har det også foregått kalving andre stader lenger sør og vest. Det er bl.a. sett rein i Steindalen heilt ned mot busetnaden på Grønningsæter. Elles kan ein treffe på dyr i heile fjellområdet søraust for Valldalen/Meiardalen. Funn av dyregraver og

bogastiller viser at villreinstammen i tidlegare tider har vore stor i fjellområda ved Valldalen.

Hare finst i gode bestandar.

Mår-bestanden har vorte stor i dalen, medan bestanden av raudrev for tida er liten. Det er no teikn til at revebestanden er i ferd med å ta seg opp att.

Fjellrev skal i følgje lokalbefolkninga vere regelmessig i fjellområda, og vinterstid skal dei ha kome heilt ned i dalbotnen i øvre og midtre delar av Valldalen.

Jerv er i seinare åra observert regelmessig i øvre og austre delar av nedslagsfeltet. Spor er sett årvisst i Meiardalen på ettervinteren.

Gaupe og bjørn er i følgje lokalbefolkninga berre streifdyr i Valldalen, men blir observert nokså regelmessig år om anna.

Oter er i seinare år blitt observert tilfeldig no og då f.eks. ved Grønning.

Våtmarksfuglefaunaen ser ut til å vere bra representert når det gjeld dei vanlegste artane. Beste områda blir sagt å vere i hovudelva ved Grønning opp mot Høyhjelle der elva flyt i eit meir stille parti, og der det er ein del myrområde inntil elva. Her er det bl.a. registrert hekking av truleg fleire par stokkand, og andre artar som krikand og siland blir observert. Siland er å treffe og hekkar også andre stader i vassdraget, men ikkje så vanleg som stokkand. I Djupdalsvatnet og på myrområda i sørenden av dette vatnet skal det også vere registrert ein del våtmarksfugl. Gråhegre er ein vanleg art med to kjende hekkeplassar i dalføret. Fossekall er vanleg både som hekkefugl og vinterstid. Arten er å treffe heilt opp i dei høgastliggende vatna. Elles er strandsnipe ein talrik art langs heile vassdraget både i hovuddalen og i sidedalane. Enkeltbekkasin er regelmessig i myrområda. Fiskemåse er også vanleg hekkande langs vassdraget. Lom er ikkje funne hekkande i nedslagsfeltet.

Rovfugl og ugler ligg det føre lite materiale på, men artane som er vanlege for distriktet er alle registrert regelmessig. Dette gjeld også sårbare/truga artar.

Artsutvalet av spurvefugl er bra, særleg i dei mest frodige, sørvendte liene. Her er det truleg viktige produksjonsområde for fleire artar. Registreringane er relativt systematisk (NOF-atlasprosjekt), men dekkjer ikkje alle områda, og kvantitative målingar manglar.

Bestandane av orrfugl er bra, og som normalt for tilsvarende skogsområder i distriktet. Det er ikkje gjort systematiske registreringar for å finne kjerneområder. Storfuglbestanden er liten, og det er berre skogstraktene ved Omenås som er nevnt som storfugl-biotopar. Den utstrakte utplantinga av gran i dalføret har truleg vore med på å redusere områda som er eigna for skogsfugl. Lirypebestanden blir betegna som normal for distriktet. Fjellrypebestanden er god og er enkelte år viktigaste arten i rypejakta.

8. FERSKVASSFISK OG FISKE

Opplysningane om fisk og fiske er i stor grad innhenta frå lokalbefolkning. I tillegg er det nytta opplysningar frå fiskerikonsulenten hos miljøvernavingdelinga. Det er ikkje utført egne undersøkingar i samband med rapporten.

8.1 Generelt om området

Vassdraget er karakterisert som eit høgfjellsvassdrag med god sommarvassføring. Det ligg mange vatn i nedslagsfeltet som demper avrenninga. Dette er gunstig for oppgang av fisk. Elva har eit fall på ca 400 m dei nedste 25 km og med ein markert terskel med fossar ved Alstad (200 m o.h.).

8.2 Valldøla nedanfor Alstad

Valldøla er laks- og sjøaureførande i om lag 15 km opp til fossane ved Alstad. Laks har vore den dominerande arten på den laks- og sjøaureførande delen. Elva var tidlegare ei svært god storlakselv, men etter parasittangrep (*Gyrodactylus salaris*), er laksestammen no på eit lavmål.

Det er bygd tre laksetrappar, men desse er no stengt for å hindre spreiding av parasitten. Dette betyr at om lag 1/3 av den lakseførande delen er avstengt.

Oversikta over registrert fangst, viser ein kraftig reduksjon i 70- og 80- åra for laks. Beste årsresultata var i -66 og -67 då det blei innrapportert 3400 kg. For 1986 blei det registrert inn 100 kg, så tilbakegangen er formidabel for laks. Sjøaure har hatt ein viss framgang siste åra, og det blei i 1986 registrert 106 kg i fangststatistikken.

Eit aktivt elveigarlag driv kultiveringsarbeid. For tida pågår produksjon av yngel frå eigen laksestamme, og planen er å sett ut settefisk i dei øvre delar av elva der parasitten enno ikkje er komen. Ein håper med dette å kunne få tilbake meir laks i elva.

Det blir solgt fiskekort i elva, og dette har gitt ei bra ekstraintekt tidlegare. For tida er salget svært dårleg, i og med at det i denne delen av elva no stort sett er berre sjøaure å fiske på. I 1987 blei det solgt fiskekort for om lag kr 2100,-.

8.3 Valldøla ovafor Alstad samt sideelvar

Ovafor Alstad er aure den einaste fiskearten, og det er her eit godt fiske på innlandsaure. Nedslagsfeltet er delt inn i tre elveigarlag, og i tillegg er dei øvste delane ved Langvatnet og øvst i Veslelangdalen under Statens almenning. I tillegg blir ein del område forvalta av private grunneigarar.

I Berilldalen og vatna i Berilldalskoppen blei det tidlegare drive kultiveringsarbeid med utsettingar av yngel. I seinare tid er det etter dei opplysningane som ligg føre ikkje foretatt utsettingar. Det foregår ikkje organisert kortsalg, så det er stort sett grunneigarar som fiskar.

Rauma Kommunale Kraftlag er etter konsesjonsvilkåra forplikta til å sette ut fiskeyngel i Langvatnet og elva. Dette er blitt gjort tidlegare, men dei siste åra har ein ikkje fått tak i fisk som er blitt godkjent til utsetting.

I Veslelangdalen, nedre del av Langfjelldalen, Slufsevatnet og vatnet i Meiadalskoppen blir det drive aktivt kultiveringsarbeid med utsetting av aureyngel. Dette har gitt gode resultat, og det blir tatt stor og fin fisk av god kvalitet. Både i vatna og i elvane finn ein fin fisk, og områda er blitt stadig meir populære for fiskeinteresserte.

Øvre Valldal elveeigarlag driv også aktivt kultiveringsarbeid med utsettingar av yngel og settefisk. Dette har pågått i om lag 25 år, og første tida med yngel utklekt i Valldal. Seinare har ein kjøpt frå andre, bl.a. frå Lesja. Utsettinga har i seinare tid vore noko meir uregelmessig då ein har hatt problem med å få tak i fisk. Kultiveringa har gitt gode resultat, og kvaliteten på fisken skal vere god. Salget av fiskekort har vore godt (truleg rundt 5 - 6000 kr i inntekt pr år).

Ålesund Jeger- og Fiskeforening har leigeavtale med grunneigarlag om kultivering og bruk av deler av vassdraget i Steindalen, og her blir det også år om anna sett ut fisk etter behov. Foreininga har eiga hytte her, og inntekta av kortsalget går til finansiering av kultiveringa. Fisk er blitt innkjøpt frå ulike stammer og sette ut. Dei siste åra har det i snitt blitt solgt kort for om lag 100 døgn pr år.

Den naturlege produksjonen i dei fleste fjellvatna er liten og til dels svært liten. Vatnet i øvre delar av vassdraget er ekstremt næringsfattig. Det er svært liten og uregelmessig eigenproduksjon i dei vatna som ligg høgt, og her er ein avhengig av yngelutsettingar for å oppretthalde den gode fiskebestanden. I elva lenger nedover i dalen blir imidlertid gyteforholda bedre og med aukande eigenproduksjon.

9. FRILUFTSLIV

Opplysningar om friluftslivet er fått frå fleire lokalkjende personar, og det er også henta mange opplysningar frå miljøvernavdelinga og frå kommunen. I tillegg blei dei mest brukte friluftsområda synfart i samband med denne rapporten.

9.1 Generelt om området

Valldalen med sidedalar og tilhøyrande fjellområde, høyrer med til dei viktigaste og mest brukte utfartsområda i fylket. Her er det store fjell- og dalområde, og områda heng saman med tilstøytande store natur- og friluftsområde som Reinheimen/Tafjordfjella i aust og sør, og Innfjord/Stordalsfjella i vest og nord. I forslaget til Reinheimen nasjonalpark, inngår dei øvre delar av nedslagsfeltet som ein del av verneområdet. I friluftssamheng er desse øvre delar av vassdraget viktig, både ut frå eigne kvalitetar, men også som innfallsport til dei store, samanhengande fjellområda vidare inn i Reinheimen.

Også i turistsamheng er Valldalen blant dei viktigaste i fylket. Dels er dalen gjennomfartsåre for turisttrafikken mellom Geiranger og Trollstigen/Romsdalen, men også eigne kvalitetar i dalen gjer at dalen er sentral. I friluftsliv og turistsamheng må det peikast på at vassdragsnaturen er heilt sentral, både som aktivitetsfaktor og som

landskapselement.

Det er først og fremst som utfartsområde sommarstid at nedslagsfeltet til Valldøla er nytta av tilreisande. I sjølve hovuddalføret er turisttrafikken betydeleg. Det er mange som rastar i områda nær vegen, og mange stansar igjen for kortare eller lengre tid og nyttar seg av tilbod som fiske etter laks og aure, eller dei tar seg fotturar i sidedalane eller til fjelltoppar rundt. Særleg er nedslagsfeltet ovafor Langdalen nytta som utfartsområde. Lenger nede i dalen er det tettare med busetnad, og dyrkamark opptar ein stor del av dalbotnen. Her er det særleg laksefiske som har vore viktigaste friluftaktivitet for tilreisande. Elles må nemnast dei største fossefalla i Valldøla. Særleg kjent er Gudbrandsjuvet som er eit trongt gjel med Valldøla buldrande nedover. Her er det anlagt campingplass med kiosk-utsal og kafe, og her er det "fast" stoppestad for turistar.

Overnattingstilbodet i Valldalen må seiast å vere bra utbygd med mange campingplassar der ein som regel også finn hytter/campingvogner til leige. På Sylte er det motell, pensjonat, kro og kafe i tillegg til mange utleiehytter/campingvogner. Serveringsstader finn ein på Sylte og ved toppen av Trollstigen sommarstid, samt ved Gudbrandsjuvet.

Overnattingstilbodet i fjellområda er lite utbygd utanom private hytter. Ein må over i tilstøytande dalstrok for å finne turistforeningshytter. På sætrane er det ein god del hytter (tidlegare sel), medan det elles er heller få hytter. Fjellstyret har kun ei hytte som ligg ved Langvatnet, men denne er ikkje åpen for fri ferdsel.

Både sjølve hovuddalen og sidedalane med fjellområda er viktige friluftsområde. Nedanfor skal kort oppsummerast viktigste områda og litt om tilbod og aktivitetar.

9.2 Viktigaste friluftsområda

Lauvvikane - Jemntebotn er dels ei brattlendt fjord- og dalli med tilhøyrande fjellparti i høgda. Områda blir nytta som turområde for Sylte, med utgangspunkt i sætrane (Jemtesætra, Berdalssætra, Åsesætra, Klovsetsætra og Høgsetdalen). I skogsliene finn ein særprega planteliv og eit rikt dyreliv, sjølv om store delar av liene inn mot Valldalen no er uthogd og tilplanta med gran eller tatt til kulturmark. Saman med geologiske forekomstar som augnegneis og dei kulturhistoriske verdiane på setrane, gir dette grunnlag for eit verdifullt friluftsområde rik på naturopplevingar. Området er klassifisert som eit regionalt/nasjonalt viktig friluftslivs- og naturvernområde (Fylkesmannen 1976).

Syltefjellet er ein skogkledd åsrygg (ca 600 moh) med vegtilkomst frå Fjørå eit godt stykke opp i lia. Området er hovudsakleg eit lokalt turområde for Sylte og Fjørå.

Valldalsbotn/Taskedalen er ein relativt kort sidedal omgitt av høge fjell opp til 1609 moh (Taskedalstinden). Det går veg dei første 3 km, og dette gjer sæterområda lett tilgjengeleg. Bruken av vegen er imidlertid begrensa og halden under kontroll (bom), og blir hovudsakleg nytta av lokalbefolkninga som har hytter/sel på sæterområda. Det ligg fleire sætrer oppetter dalføret, og antal hytter er relativt høgt. Området er mykje brukt, og då særleg av lokalbefolkninga, men også av tilreisande. Her kan ein også ta seg turar i fjellområda rundt, anten til høge fjelltoppar eller til vatna i fjelldalane. Vidare er det lett

å kome seg over til Innfjorden eller til turistforeningshytta "Fokhaugstova" øvst i Stordalen. Stien hit går gjennom Fremstebotnen og er merka. Området er klassifisert som eit regionalt/nasjonalt viktig turområde (Fylkesmannen 1976).

Berilldalen med Nedstestølen. Nedstestølen ligg ved Valldøla, og er lett tilgjengeleg med veg (kjerreveg) heilt fram. Her ligg det om lag 15 sel i ei klynge, og desse er i dag flittig brukt som hytter av lokalbefolkninga. Herifrå kan ein ta turar oppover Berilldalen, eller opp til Berilldalskoppen som er ein liten høgfjellsdal med to vatn der ein kan fiske. Det går ei varda rute opp Berilldalen over til Berill i Innfjorden. Rundt finn ein høge fjell som byr på utfordringar for den som vil oppleve vestlandske høgfjell. På Høgstolen som er eit større fjellmassiv (opp til 1739 moh.) finn ein større breområde.

Langfjelldalen er ein langstrakt sidedal øvst i Valldalen som strekkjer seg over til Vermedalen i aust. Dalføret er lett tilgjengeleg frå Slettvikane. Her kjem ein fort inn i nokså uberørte naturområde, og terrenget er svært lett å gå i med lite stigning. Det er få hytter, og området har først og fremst funksjon som turområde. Det er innfallsporten til store fjellområde i Vermedalen/Ulvådalen/Tafjordfjella og her er merka sti over til Vermedalen. Dalen er eit viktig turområde for mange tilreisande, og har nasjonal/internasjonalt verdi. Også som jakt- og fiske-område er dalen mykje nytta.

Veslelangdalen med Øvstestølen. På Øvstestølen finn ein om lag 20 velholdte hytter som er mykje brukt av lokalbefolkninga. Stølen ligg like ved hovudvegen gjennom Valldalen, og er såleis svært lett tilgjengeleg. Vinterstid blir vegen oppetter Valldalen brøytta berre fram til Langdalen, og områda like ovafor blir naturleg nok mykje nytta til skiutfart. Veslelangdalen blir såleis ein viktig innfallsport for skiturar inn i Tafjordfjella/Reinheimen. Særleg i påskeferien og sommars-tid er utfarten til desse områda stor.

Ved Øvstestølen renn Veslelangdalselva ut i Valldøla, og danner her ein flott liten foss som betyr mykje for miljøet på sætra. For å kome inn i Veslelangdalen må ein opp ei kort li, og seinare er det stort sett nokså lite stigning, men med enkelte mindre kneiker. På turen treff ein fleire vatn, og ein kjem opp i fjellområde over mot Ulvådalen/Reinheimen. Her er det merka turistforeningssti over til Vakkerstøylen i Ulvådalen, ein tur på om lag 9 timar. Naturen er heilt uberørt, og det er gode høve til å ta seg avstikkarar opp til fjelltoppar eller til andre fjellområde. Fiske er også godt i elv og vatn. Det er svært få hytter i området. Området er mykje brukt, og har nasjonal/internasjonalt verdi.

Steindalen/Grøndalsvatnet. Desse to sidedalane munner ut i Valldalen ved Grønningsæter som hengande dalar. Elvane frå begge sidegreinene går i foss og stryk ned mot dalbotnen ved Grønningsæter. Går ein opp lia mot Steindalen kjem ein til Steindalsstølen, ein liten støl med 4 - 5 hytter/sel, som ligg heilt ute på brinken med ei flott utsikt, og med elva som stuper utfor i gjelet nedanfor. Vidare innover er det lite bratte stigningar, men enkelte mindre "trappetrinn" er det. Hytter finn ein få av, dei einaste ligg på Steindalsstølen og ved Tjørnane. Elles er det heilt uberørt natur. Ein kjem opp i fjellområda over mot Ulvådalen/Reinheimen og mot Tafjordfjella, og det går sti over til turistforeningshytta i Ulvådalen ("Vakkerstøylen"). Det ligg fleire og til dels store vatn i øvre delar av dette sidevassdraget. Fjellnaturen er storslagen, og byr på fine utfordringar for dei som vil gå i uberørt natur og/eller som vil gå på høge fjelltoppar som

f.eks. Storfjellet (1759 moh), eller Blåtinden (1664 moh). I Steindalen, og særleg i vatna er det bra ørretfiske. Ålesund Jeger- og Fiskerforening har hytte ved Tjørnane, og dei har avtale med grunneigarane om kultivering av fisk i vatnet. Dalen og fjella er mykje brukt til turgåing, og området ligg innafor dei foreslåtte grensene til Reinheimen nasjonalpark. Området har nasjonal/internasjonal verdi.

Grønningsætra/Djupdalen. Dette er eit kortare dalføre som heller ikkje går så langt opp og inn i fjellheimen som Steindalen/Veslelangdalen/Langfjelldalen. Det meste av Djupdalen er skogkledd, og her finn ein dei einaste vatna i nedslagsfeltet til Valldøla som ligg under skoggrensa. Dalen er eit fint turmål, og har no størst betydning som lokalt friluftsområde. Naturen er uberørt, og det må nemnast at elva går i ein vakker foss ned lia mot Valldøla. Fossen er synleg frå hovuddalen.

Alstadsætra/Heisætra og Helmesætra/Heggesætra er først og fremst viktige lokale utfartsområde. Sætrane ligg i skogslir i dalsida til Valldalen. Ovafor ligg høgfjella opp mot Trollkyrkja (1766 moh) som er eit populært turmål for dei som likar å gå på fjelltoppar. Geologisk er området også interessant med interessante bergartar, bl.a. i Sandfjellet. Turen opp til Trollkyrkja blir markedsført i turistbrosjyrer for kommunen. Det går også varda rute over til Muldalen frå Alstadsæter forbi Fremste Heivatnet og over brearmar frå Trollkyrkja og ned til Muldalen.

Valldalen. Sjølv hovuddalføret er også viktig for friluftaktivitetar. Valldøla er lakseførande opp til Alstad, og var tidlegare ei svært god lakselv. For tida er laksestammen sterkt redusert p.g.a. parasitten Gyrodactylus. Fisket etter laks og aure har vore ein svært viktig friluftaktivitet i denne nedre delen av dalføret.

Til meir tradisjonell turgåing er det sidedalane og øvre delar av Valldalen (Meiardalen) som er brukt. Her kjem ein meir vekk frå busetnad og tekniske inngrep, og her kan ein kome vidare innover i fjellområda rundt. Meiardalen er lett tilgjengeleg sommarstid i og med at det går bilveg, men denne er vinterstid stengt ved Langdalen. Vinterstid, og då særleg ved påsketider og utover er øvre delar av dalføret svært populært til skigåing.

Om sommaren er det turgåing og fiske etter aure i elv eller vatn som er mest populært. Elles blir det drive ein del jakt og børsanking både i hovuddalen og i sidedalane.

D E L II:

TEKNISKE INNGREP/PLANSITUASJON

10. TEKNISKE INNGREP

Ved utløpet av Valldøla er så godt som alle områda på det tidlegare deltaområdet tatt i bruk til sentrumsføremål. Vidare oppover i dalen til Alstad, er det stort sett blitt oppdyrka der dette er mogeleg i dalbotnen. Det er såleis eit intensivt utnyttede område. Elva har svært mange forbygningar, og så godt som alle område der elva går i litt flatare terreng nedanfor Alstad, er det bygd elveforbygningar. Desse er dels av eldre dato, og er dels grodd igjen med litt spreidd kantvegetasjon. Naturleg vegetasjon langs elva er det svært lite av i denne nedre delen. Elva er imidlertid ikkje blitt utretta nemneverdig, og forbygningane blir dermed ikkje så skjemma i landskapet som slike inngrep ofte blir.

Ovafor Alstad er det langt mindre busetnad, og det er langt mindre av dalbotnen som er oppdyrka.

I skogliene er det drive ein aktiv skogpolitikk med massiv utplanting av gran. Granplantefelta er til dels svært store og kan strekkje seg over fleire km. I enkelte område er granfelta heilt dominerande, og dette får følgjer både for landskapsbiletet og for fauna og flora.

Vasstrengen er lite berørt når ein ser bort frå forbygningane. Einaste innverknaden frå kraftutbyggingar er at Langvatnet øvst i Langfjelldalen er regulert, og delar av vatnet er overført til Verma. Ei lita restvassføring går framleis til Valldøla. Dette inngrepet utgjer imidlertid ein så liten del av det totale nedslagsfeltet at det ikkje har betydning for anna enn elva øvst i Langfjelldalen. Like nedanfor dammen er vassføringa til tider svært liten.

Kraftoverføringslinjene frå Tafjorden kryssar Valldalen heilt i nedre del. Desse er store og dominerande, og innverkar mykje på landskapsbiletet. I nedslagsfeltet elles dominerar kraftlinjene lite, og ovafor Langdalen finn ein ingen kraftlinjer.

I dei store sand- og grusterassene nedst i Valldalen blir det tatt ut sand og grus. Dette er store sandtak som p.g.a. sin storleik verkar negativt på landskapet. Også i enkelte av avsetningane like ovafor Slettvikane foregår det uttak av masse, om enn i noko mindre stil.

Langs heile dalføret går det veg i hovuddalen. I eit så trangt dalføre som Valldalen seier det seg sjølv at vegen har lett for å bli eit dominerande trekk. Det er imidlertid relativt få skjemma skjeringar.

I sidedalane er det berre til Myklebustsetra at det går veg, og dette er ein typisk kjerreveg med begrensa ferdsel (bom).

Kommunen har ein restriktiv politikk når det gjeld hyttebygging, og det er berre i hovuddalen at ein har tillatt vesentleg nybygging. Elles er det stort sett gamle sel som er blitt opprusta til hytter på dei gamle stølane.

Samla sett er den nedre del av vassdraget til dels sterkt kulturpåverka, medan dei øvre delar har lite tekniske inngrep. I store delar har ein her så godt som heilt uberørte område, og dette er verdifult sett i samanheng med dei store uberørte fjellområda innover mot aust (Reinheimen).

11. PLANSITUASJONEN

Valldøla er eit varig verna vassdrag (verneplan I). Vernet har i første rekkje vore eit vern mot kraftutbygging. Øvste del av eine sideelva er tidlegare overført til Verma kraftstasjon. Dette er imidlertid eit lite inngrep sett i samanheng med heile vassdraget.

Norrdal kommune har laga ferdig generalplan for 1983 - 94. Det blir for tida arbeidd med den nye kommuneplanen. Etter opplysningar frå kommunen skil ikkje komuneplanen seg nemneverdig frå generalplanen når det gjeld naturvern og friluftslivinteressene. Oversikt over områda som er disponert til friluftsliv og naturområde i kommunen er vist i vedlegg. Dette samsvarar bra med dei områda som Fylkesmannen har tatt med i sine registreringar av naturvern og friluftsområde (1976), men i tillegg er det tatt med ein del fleire område av lokal interesse. Naturvern- og friluftsområde registrert av Fylkesmannen (1975) er følgjande:

Område	Viktigaste funksjon	Kategori
Lauvvikane-Jemtebotnen	Spesielle naturforekomstar, turområde	Reg./nasjonal verneinteresse
Syltefjellet	Nærområde Valldal/Fjørå	Lokal int.
Taskedalen	Turområde	Reg./nasjonal bruksinteresse
Berilldalskoppen	Rikt botanisk område	Reg./nasjonal verneinteresse
Valldøla	Fiskeelv	Nasjonal/internasjonalt verneinteresse
Tafjordfjella - Meiardalen	Stort, relativt urørt naturområde. Viktig tur- og turistområde	Nasjonal/internasjonalt bruks- og verneinteresse.

11.1 Verna og verneverdige område

Valldøla er eit varig verna vassdrag (verneplan I), og dette vernet har i første rekkje fungert som eit vern mot kraftutbyggingar.

Hausten 1987 fremja Miljøverndepartementet forslag om oppretting av "Reinheimen Nasjonalpark". Her inngår ein stor del av nedslagsfeltet til Valldøla. Storparten av nedslagsfeltet aust og sør for Valldøla ligg innafor grensa til den foreslåtte nasjonalparken, medan Meiardalen og områda over mot Innfjorden er foreslått som landskapsvernområde. Denne planen blei sendt ut på første høyring hausten 1987.

To område er registrert som verneverdige kvartærgeologiske forekomstar. Dette er Slettvikane med morener og smeltevassformer, og

Høghornet/Neskoptindane med avsetningar frå Yngre Dryas (Sollid og Sørbel 1984). Slettvikane ligg dels i det foreslåtte område for landskapsvern, dels i nasjonalpark-område, medan Høghornet ligg innafor dei foreslåtte nasjonalparkgrensene.

Ved Berilldalskoppen og ved Sandfjellet er det også funne interessante kalkkrevjande artar, men desse lokalitetane er ikkje nærare undersøkt.

Eit myrområde ved Høghjelle er klassifisert som lokalt verneverdig, medan eit myrområde like nordaust for Grønning er klassifisert som regionalt verneverdig (Fylkesmannen 1985).

11.2 Friluftsliv

I "Handlingsplan for friluftslivet i Møre og Romsdal" er parkeringsplan for Slettvikane tatt med. Det er her laga planutkast, men planen er ikkje realisert.

Når det gjeld hyttebygging, så fører kommunen ein restriktiv politikk. Einaste hyttefeltet som er utlegt er i hovuddalen ved Gjerde der det er utlagt plass til om lag 50 hytter. Vel 30 av desse er bebygde. Ut over dette må det søkast om dispensasjon ved oppføring av hytter.

D E L III:

VERDIVURDERINGAR

12. NATURVERN

12.1 Referanseverdi

Vassdraget vart verna i Verneplan I for vassdrag og har såleis vore verna mot kraftutbygging. Ein del av Langvatnet er rett nok overført til Verma, men ut over dette er det ikkje gjort inngrep i vassføringa i nokon del av vassdraget. Sett i samanheng med heile nedslagsfeltet utgjer dette eit ubetydeleg inngrep. I fjellområda, sidedalane og i øvre del av hovudvassdraget (Meiardalen) er det også lite av andre tekniske inngrep, og i størstedelen av desse områda finn ein heilt uberørt natur. Det er også av betydning for vurderinga at nedslagsfeltet utgjer ein del av eit større uberørt område (Reinheimen) som er foreslått verna. Nedslagsfeltet blir dermed ein del av den viktige variasjonen innafor Reinheimen-området. Denne delen av nedslagsfeltet er såleis verdifull som type- og referanseområde.

I hovuddalføret nedanfor Alstad er imidlertid kulturpåverknaden stor både i dalsidene og i områda inntil elvestrengen. I tillegg er det utført ei rekkje elveforbyggingar, så sjølv om vassføringa er lite påverka, så må nedslagsfeltet i denne nedre delen karakteriserast som relativt mykje kulturpåverka. Referanseverdien i denne delen er derfor noko redusert, men her er likevel verdifulle forekomstar og område. Dette gjeld særleg laks- og sjøaurestammen samt interessant vegetasjon på grusterrassar i dalbotnen. Også i skogliene kan det vere verdifulle område, men undersøkingane er enno for mangelfulle til å gi fullstendige oversikter over forekomstane.

Nedslagsfeltet til Valldøla spenner over naturtypar frå lavlandet med varme, lune skogslir opp til karrige og lavproduktive høgfjellsområde. Nedslagsfeltet ligg slik til i fylket at ein her kan registrere overgang frå det vestlige maritime klima til meir kontinentalt klima, og dette ser ut til å gi seg utslag i både plante- og dyrelivet. I referansesamanheng er dette eit interessant aspekt.

12.1.1 Vegetasjon

Dei botaniske registreringane er for dei fleste områda overflatisk og lite grundige. Vurderingane av referanseverdiar må derfor bli foreløpig.

Botanisk vil dei øvre områda i nedslagsfeltet vere av stor verdi som referanseområde. Også lenger nedover i hovuddalen finn ein fleire delområde som er verdifulle. Det gjeld dels vegetasjon i dalsidene som muligens avvik såpass frå det som er vanleg i regionen at dei kan vere av interesse, men dette må dokumenterast med langt bedre undersøkingar. Vegetasjon på grusterrassane i nedre del har ein kontinental utforming som er sjeldan i regionen, og desse har stor botanisk interesse.

Når det gjeld vurdering av om vassdraget kan eigne seg som referansevassdrag for regionen, må det peikast på at fleire vegetasjonssamfunn som er typiske for regionen ser ut til å mangle eller ha svært liten utbreiing i nedslagsfeltet til Valldøla. dette

gjeld særleg område under skoggrensa. Valldalsvassdraget har imidlertid svært verdifulle referanseområde, både område som er typiske og område som er sjeldne for regionen. Vassdraget kan imidlertid ikkje fungere som einaste referansevassdrag for botaniske interesser i og med at vesentlege samfunn då ikkje ville bli dekt opp.

12.1.2 Dyreliv

Det er ikkje foretatt systematiske og utfyllande registreringar på dyrelivet, og vurderinga av referanseverdien må derfor bli foreløpig. Dyrelivet i nedslagsfeltet ser stort sett ut til å innehalde dei fleste artane som er vanleg å finne i regionen. Det ser imidlertid ut til at enkelte fugleartar som er vanleg/regelmessig i regionen manglar i nedslagsfeltet til Valldøla, som f.eks. lom. Enkelte artar er foreløpig observert i lite antal, og det ser derfor ikkje ut til at nedslagsfeltet til Valldøla eignar seg som referanseområde for alle artar og samfunn som ein kan finne i tilsvarende vassdrag i regionen. Når det gjeld pattedyr, er artsutvalet godt. Den nyetablerte stammen av elg, samt villreinstammen gjer områda særleg verdifulle som referanseområde.

I nedre del av vassdraget er såpass stor kulturpåverknad at referanseverdien er redusert.

Som ei foreløpig vurdering av referanseverdien for dyreliv, vil ein kunne konkludere med at ein finn svært verdifulle område og dyrestammar, men at enkelte artar og biotoptypar er dårleg representert. Dei store, uberørte områda i øvre delar, samt det faktum at elva er så godt som upåverka av kraftutbygging gjer også sitt til at delar er svært verdifulle som referanseområde.

12.1.3 Geologi

Kvartærgeologisk inneheld nedslagsfeltet til Valldøla enkelte interessante område. I nedste del av vassdraget er avsetningane dels øydelagt av ei omfattande grustaking, medan ein i øvre delar finn godt bevarte avsetningar. Samla sett er nedslagsfeltet ikkje blant dei aller rikaste områda når det gjeld omfang og variasjon, men enkeltområde er av verdi samt at området også har verdi sett i samanheng med tilstøytande område.

For berggrunnsgeologien ligg det føre svært lite grunnlagsmateriale, og dette gjer det vanskeleg å kome med ei vurdering av referanseverdien.

12.1.4 Fisk

Laksestammen i vassdraget er av stor verdi i referansesamanheng. Ein hadde her tidlegare ein av dei største laksestammene i distriktet, og elva hadde ein svært god produksjon. Dette betyr at potensialet for elva er stort og at laksestammen kan ta seg opp igjen dersom ein får parasittplagen under kontroll. Det er foretatt ein del inngrep i elva i denne nedre laksførande delen med mange forbygningar og nedhogging av kantvegetasjon, og dette er negativt for referanseverdien. Det faktum at vassføringa er så godt som uberørt, tel imidlertid positivt for referanseverdien.

Vassdraget er så godt som uberørt i dei øvre delane der innlandsauren er einaste arten. Det er mange vatn i vassdraget, men dei fleste ligg i høgareliggande strok, og ein manglar dei typiske lavlandsvatna. Frå naturen si side er eigenproduksjonen i dei øvre delane av vassdraget svært liten, medan produksjonen aukar ein del nedover i lavareliggande delar. Det er foretatt til dels omfattande utsettingar av fisk som i stor grad har kome frå andre vassdrag med til dels andre miljøforhold. Dette gjer at ein kan vente ei "utvatning" av den lokale stadeigne au-restammen, og dette reduserar referanseverdien.

Ei foreløpig vurdering av referanseverdier for fisk må vere at laksestammen i vassdraget utvilsomt er av svært stor verdi. Dei øvre delar av vassdraget er svært lite berørt av tekniske inngrep og med ei rekkje vatn som gir ulike tilhøve for fiskebestandane. Det er innført fisk frå andre stammar under kultiveringsarbeidet, og dei kunstig høge bestandane er heller ikkje positive for verdien som referanseområde. Det må imidlertid langt bedre og grundigare undersøkingar til for å klarlegge referanseverdien skikkeleg, men forløpig vil ein kunne karakterisere verdiane som store.

12.1.5 Samla vurdering av verdien som referanseområde.

Den følgjande vurdering byggjer dels på ufullstendige og spreidde opplysningar, og det må presiserast at vurderinga derfor berre kan bli foreløpig. Bedre registreringar er naudsynt for sikrere konklusjonar. Nedslagsfeltet ovafor Alstad og særleg i sidedalar og høgtliggande område er svært lite berørt av tekniske inngrep, og er godt eigna som referanseområde. Desse uberørte områda utgjer ein del av eit svært verdifullt stor-område som er blant dei største i landet.

Dei nedre delane av vassdraget har også kvalitetar, men her har kulturpåverknaden vore stor, og referanseverdien til mange område er redusert. Her er imidlertid svært verdifulle forekomstar og enkeltområde.

Det er også klart at Valldøla ikkje åleine er eigna som referanseområde for regionen, men at det i nedslagsfeltet fins både typiske og meir spesielle naturtypar som er verdifulle som referanseområde. Av særleg verdifulle forekomstar må nemnast villreinstammen og laksestammen, men bedre undersøkingar vil truleg vise at her fins fleire interessante og verdifulle forekomstar/bestandar.

12.2 Representativitet

Landskap og topografi er typisk for dei indre fjordstrok på Sunnmøre, og vassdraget er blant dei største i dette distriktet. Nedslagsfeltet spenner frå lavland til høg fjell, og med alle magasin i vassdraget i fjellområda.

Naturen er i store trekk nokså typisk for regionen. Det er imidlertid forhold som gjer at ein del natursamfunn som ein kan finne elles i regionen ikkje finst eller er dårleg utvikla i nedslagsfeltet til Valldøla. I nedre del av hovudvassdraget er kulturpåverkanaden stor, og det er lite tilbake av kantvegetasjonen. Også andre område er berørte, og i dalsidene ser vegetasjonen ut til å vere noko annleis utforma enn i tilsvarande dalstrok i regionen. Det er bl.a. lite utvikla edellauvskogsområde i dalen, sjølv om enkelte artar og mindre

flekke med krevjande vegetasjon finst. Imidlertid kan det vise seg ved bedre grunnlagsundersøkingar enn det som ligg føre til no at avviket frå det som er typisk for regionen er såpass stort at det er interessant for å vise andre vegetasjonsutformingar i regionen.

I høgareliggende strom ser naturtypene ut til å vere meir typiske for regionen. Her er det også svært lite av tekniske inngrep, og i størsteparten av området finn ein heilt uberørt natur. Desse områda er særleg verdifulle i og med at dei går inn som ein del av eit av landets største samanhengande, uberørte område.

12.2.1 Vegetasjon

Ein finn ei bra spreiding av vegetasjonstyper i nedslagsfeltet frå dei varme, lune liene ned mot fjorden og opp til dei karrige høgfjellsområda. Imidlertid er innslag av dei rike, frodige lauvskogsliene, slik ein oftast finn i "tilsvarande" område, langt mindre utvikla i Valldalen. Klima er truleg om lag det same som i tilsvarende dalføre, men eit anna jordsmonn skaper truleg denne forskjellen. Registreringane av plantelivet er imidlertid mangelfulle, og det må bedre undersøkingar til for å klarlegge desse forholda.

Vassdraget ligg i ei overgangssone mellom vestleg kystklima over mot meir kontinentalt prega klima, og dette gir seg interessante utslag for plantelivet. Det er bl.a. registrert kontinentalt utforma furuskogar på grusterrasser i nedre del av vassdraget.

I dei høgareliggende delane av vassdraget har vegetasjonen ei meir typisk utforming for regionen, og her er naturen så godt som uberørt. Verdien som typeområde er derfor svært stor her, også fordi områda utgjør ein del av eit større område med uberørt natur (Reinheimen).

Som ei foreløpig vurdering ser det ut til at ein i nedslagsfeltet finn område som er typiske for regionen og som er godt bevart, men at ein også finn område som avviker frå det typiske i regionen. Dette gjer at Valldalen truleg er interessant for å vise både typiske og meir spesielle område og dermed vise den spreidinga som finst av naturtypar i regionen. Enkelt samfunnstypar som ein finn elles i regionen er imidlertid dårleg, eller ikkje representert i Valldalen, og vassdraget eignar seg derfor ikkje som einaste typevassdraget for denne typen vassdrag i regionen.

12.2.2 Dyreliv

Dyrelivet i nedslagsfeltet er i hovudsak nokså typisk for regionen. Det ser ut til at ein finn gode bestandar av dei fleste artane som er vanlege i regionen. Blant hjortedyra finn ein alle fire artane, og ein merker seg spesielt bestanden av elg og villrein som det elles er svært få andre område i regionen som har. Imidlertid er det enkelte artar som ein kan finne i regionen, som ein ikkje finn i Valldalen eller det er svært dårlege bestandar av arten. Ein del natursamfunn manglar, og gjer at nedslagsfeltet til Valldøla ikkje åleine kan stå som typevassdrag for regionen.

12.2.3 Geologi

Nedslagsfeltet inneheld dei forekomstane som er mest vanleg i regionen, men er ikkje blant dei rikaste og mest varierte områda når det gjeld desse fagfelta. Truleg vil verdien som typeområde kunne klassifiserast som middels.

12.2.4 Fisk

Vassdraget har eit typisk forløp for dei mange vassraga i regionen som har magasiner i fjellområda. I nedre del er det ein lakseførande del, og i øvre delar finn ein innlandsaure heilt opp i dei karrige, næringsfattige høgfjellsvatna med lite og ingen eigenproduksjon. Vassføringa i elva er ubetydeleg påverka av tekniske inngrep, og andre inngrep er i det vesentlege begrensa til dei nedste 15 km. Utsetting av fisk frå andre stammar av innlandsaure har pågått i store delar av vassdraget, og dette vil innverke på dei naturlege aurebestandane.

Elva hadde ein svært god produksjon av laks tidlegare, og får ein kontroll med parasittproblemet, vil ein kunne vente at stammen tar seg opp att.

Ut frå den kjennskap ein har til vassdraget, vil verdien som typeområde måtte karakteriserast som stor, men det må presiserast at ein manglar vesentlege opplysningar for å få oversikt over dei verdiane som er i vassdraget.

12.3 Verneverdige område/forekomstar

Valldøla er tidlegare verna i verneplan I for vassdrag. Dette har i første rekkje vore eit vern mot kraftutbyggingar.

Miljøverndepartementet har fremja forslag om oppretting av "Reinheimen nasjonalpark", og dette forslaget omfattar store delar av nedslagsfeltet til Valldøla. Delar ligg innafor grensene til den foreslåtte nasjonalparken, medan andre område er foreslått som landskapsvernområde.

To område er registrert som kvartærgeologisk verneverdig. Dette er morener og formasjonar etter istida og avsmeltingshistoria ved Slettvikane. Det andre området er ved Høghornet der ein finn breavsetningar frå Yngre Dryas.

To myrområde er registrert som verneverdige. Det ein er ved Høghjelle og er klassifisert som lokalt verneverdig, medan det andre er ved Grønning og er klassifisert som regionalt verdifullt.

Furuskogane som veks på dei store sand- og grusterassene i nedre del av dalen har ei interessant utforming med tydelege kontinentale innslag. Verneverdien av desse er ikkje vurdert.

Det er elles funne interessante planteartar enkelte stader i høgareliggende strok. Bl.a. er det funne kalkkrevjande artar ved Berilldalsskopen og ved Sandfjellet der det også er registrert ein interessant berggrunn med olivin og labradorforekomstar. Det ligg ikkje føre nokon vurdering av eventuell verneverdiar her. I tilknytning til at ein ved Sandfjellet har ein noko anna berggrunn enn elles i nedslagsfeltet vil det vere av interesse å kartlegge floraen bedre her.

Truleg vil ein meir grundig registrering av vegetasjonen vise at ein finn fleire interessante område der enkelte vil vere av verdi som verneområde.

Dei zoologiske interessene er ikkje kartlagt i detalj, og det er ikkje utpeikt aktuelle verneområde. Det er imidlertid kjent at ein finn både hekkeområde og jaktområde for sårbare og truga rovfuglartar i nedslagsfeltet. Likeeins må nemnast den verdifulle reinstammen (ein del av Reinheimen-stammen) som er iferd med å etablere seg på nytt i nedslagsfeltet.

Bestanden av laks i den nedre del av vassdraget har vore stor, og elva har eit stort produksjonspotensiale. Denne nedre del av vassdraget har derfor svært stor verneverdi for laks.

13. Jaktinteresser

Det er eit aktivt jegermiljø i bygda både når det gjeld storviltjakt og småviltjakt. Storviltjakta omfattar for tida berre hjortejakt og år om anna litt rådyrjakt, men ein reknar med at det i nærste framtid kan bli aktuelt å starte jakt på elg og villrein når desse stammene er blitt store nok. Her er det stort sett bygdefolk som deltar, men enkelte utanbygds får seg også løyve til storviltjakt.

Årleg blir det gitt løyve til felling av om lag 100 hjort i Valldalen, og av desse blir det vanlegvis felt 30-40 dyr. For rådyr blir det gitt tillate til felling av 12-15 dyr medan det blir felt 2-3 dyr. Dei siste to åra (-86/-87) er det ikkje blitt felt rådyr i Valldalen. Villreinjakt har det ikkje vore dei siste åra då ein prøver å utvide villreinstammens område, og å få opp antalet. Elgstammen er forholdsvis ny i dalføret, og det er enno ikkje opna for jakt på elg.

Produksjonen av storvilt har vore stabil i mange år, men dei to siste åra har det vore teikn til nedgang for hjort og rådyr, medan det for elg og villrein har vore ein positiv tendens.

Småviltjakta er mindre organisert, men interessa og deltakinga er bra både frå bygdefolk og tilreisande. Det er særleg rypejakt det blir drive, og begge artane finn ein i godt jaktbare bestandar. Skogsfuglbestanden er noko mindre, og det er lite av storfugl, men det blir drive ein del jakt på orrfugl i skogliene.

For orrfugl og lirype er produksjonen som normalt for distriktet, medan storfuglbestanden er liten. Fjellrypebestanden og harebestanden er for tida svært bra.

I nedslagsfeltet finn ein med andre ord jaktområde som er av svært stor betydning både for bygdefolk og for tilreisande frå andre delar av kommunen eller frå nabokommuner. Jakt er rekna for å vere ein svært viktig aktivitet for bygdefolket, og jakta betyr også litt for matauk hos dei som er mest ivrige.

14. Fiskeinteresser

Bruksverdien for Valldøla med sideelvar og fjellvatn er svært stor. Fisket er vesentleg for rekreasjon både for lokalbefolkninga og for tilreisande. I sjølve Valldøla (hovudelva) er bruksverdien av

nasjonal/internasjonalt interesse.

Valldøla var tidlegare ei svært god lakselv med mykje storlaks. Parasittangrep har gjort at laksestammen no er redusert til eit minimum, men det blir for tida arbeidd med å produsere laksyngel frå eigen stamme til utsetting, og ein håpar at elva igjen kan bli ei god lakselv. Det er eit godt fiske av sjøaure i den nedre delen (ca 15 km).

Det er både lokalbefolkning og ein stor del tilreisande som fiskar i elva. Det er salg av fiskekort, alt frå døgnkort til sesongkort. Mest er det folk frå Norge, men også ein god del utlendingar kjøper fiskekort. Fisket har såleis stor betydning i næringsssamanheng både ved inntekter frå kortsalget og fisk, men også i stor grad ved at folk legg ferieturar/helgaturar til dalen og nyttar overnattingstilbodet o.a. som er bygd opp for turismen.

Ovafor den lakseførande delen er det eit godt fiske av innlandsaure, og også her er det salg av fiskekort dei aller fleste stader. Det er populært både blant bygdefolk og tilreisande frå både inn- og utland å fiske i hovudelva, og dette betyr dessutan ei ekstraintekt for elveigarane og for dei som driv campingplassar. I øvre Valldalen elveeigarlag som disponerar øvre delar av Valldøla opp til Nedstestølen, er det ein jamnt god etterspurnad etter fiskekort i hovudelva.

I sidedalane og fjellvatna rundt er det og ein aukande bruk av fiske-tilbodet. Her er det hovudsakleg lokalbefolkning og tilreisande frå næraste distrikta som kjøper fiskekort. Øvstestølen elveeigarlag har i seinare år fått ein stor framgang i kortsalget, og solgte i 1987 for om lag 3000,-. Dette er resultat etter ein planmessig kultivering der ein har fått fisk av god kvalitet.

Ålesund Jeger og Fiskeforening har hytte i Steindalen, og har her avtale med grunneigarar om kultivering av ein del vatn i dette vassdraget. Hytta blir brukt av fiskeinteresserte medlemmar, og siste åra er det blitt solgt fiskekort for om lag 100 døgn pr. år.

15. Friluftsliv

Nedslagsfeltet til Valldøla er blant dei viktigaste og mest brukte friluftsområda i fylket. Øvre delar av nedslagsfeltet ligg i eit av dei største, samanhengande og uberørte naturområda vi har i landet. Det ligg her føre forslag om nasjonalpark/landskapsvern og store delar av nedslagsfeltet til Valldøla er med i forslaget. Naturen er uberørt og korkje veg, kraftlinjer, kraftutbyggingar eller andre inngrep har sett store spor.

Også øvre del av hovuddalføret (Meiardalen) er svært mykje brukt til friluftsliv og rekreasjon. Det går veg gjennom dalføret, og turistar som reiser mellom Romsdalen/Trollstigen til Geiranger/Hellesylt, reiser gjennom Valldalen. Dalen er såleis eit av dei aller viktigaste turistområda i fylket.

Landskapet er storslagent og vilt med ein imponerende fjellnatur. Her er eit utal av høge fjelltoppar med fantastisk utsikt. Elva går fleire stader i fossar og gjel, og dette er "faste stoppestader" for turistar. Vassdraget har ei heilt sentral rolle i landskapsbiletet både i sidedalar og i hovuddalen.

Det er turgåing som dominerar blant friluftaktivitetane, og det er

særleg sidedalane og fjellområda som blir brukt, men også i stor grad den øvre del av hovuddalen. Det ligg ingen turistforeningshytter i nedslagsfeltet, men det går mange fine, merka turløyper frå Valldalen over til hytter i fjellheimen eller i nabodalar. Det er gode fisketilbod i elvane og vatna, og fjellområda er også populære som jaktterreng under rypejakta.

Overnattingstilbodet er bra utbygd, og det er gjort ein del i hovuddalføret for å tilrettelegge for turismen.

Dei mest brukte friluftsområda er sidedalane med fjellområda rundt samt øvre del av hovuddalen. Lokalbefolkninga brukar området heile året, medan tilreisande nyttar området hovudsakleg i sommarhalvåret og i påskeferien. For lokalbefolkninga er dei tidlegare sæterstøylane viktige hytteområde som blir mykje brukt som utfartsområde.

Samla sett gir dette svært gode høve for friluftsliv, og området er av nasjonal/internasjonalt verdi.

KJELDER

Rapportar:

Carlson, Sollid og Torp, 1983; Valldal, kvartærgeologi og geomorfologi (kartblad i 1:50000). Geograf. inst., Oslo Univ.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1976; Friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1982; Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1985; Mellombels utkast til verneplan for myr.

Holten, J. 1984; Flora- og vegetasjonsundersøkelser i Raumavassdraget, med vegetasjonskart i M 1:50000 og 1:150000. Univ. i Trondheim.

Kleiva, Ivar (red.) 1975; Grunn og gror, Norddal bygdebøker, band III Kapittel om geologi, planteliv og dyreliv forfatta av Børre I. Grønningsæter

Norges Geologiske Undersøkelser 1984; Berggrunnskart over Norge

Kontaktpersonar:

Melvin Alstadsæter, Øvre Valldalen elveeigarlag

Gunnar Aurdal, Ålesund Jeger- og Fiskeforening

Torstein Døving, elveeigarlaget i den lakseførande delen av Valldøla

Ole Grønning, viltneimnda i Norddal

Odd Langdal, Øvstestølen elveeigarlag

Kjell Langdal, Hovudoppgåve i fiskevatn i vassdraget, botanisk interessert

Arnfinn Skogen, Botanisk inst. Bergen Univ.

Ove Skylstad, Norddal kommune

Tor Ålbu, sekretær i "Atlasprosjektet"- eit kartleggingsprosjekt for hekkande fugleartar. Prosjektet blir drive av Norsk Ornitologisk Forening

I tillegg til desse kjeldene har også konsulentar på miljøvernavingdelinga bidratt med verdifulle opplysningar. Opplysningar er henta frå viltområdekartlegginga og frå naturvern- og friluftslivregistera EDNA og FRIDA hos miljøvernavingdelinga.

14.2 FRILUFTSLIV

14.2.1 Avgrensing og definisjon.

Sektorprogrammet tek føre seg arealbruken som er knytt til utøving av friluftsliv. Med friluftsliv meiner ein opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Organisert frilidsaktivitet gjennom-faste idrettsanlegg o.l. fell utanom. Det er handsama i kulturprogrammet.

I Norddal kommune ligg det godt til rette for fleire former for friluftsliv med dei store variasjonane ein har frå fjord til fjella. På grunn av terrenget er likevel ikkje så mykje område lett tilgjengleg og utnyttinga til yase friluftsføremål konsentrerer seg difor mykje til få stadar.

14.2.2 Klassifisering av friluftsområda i Norddal.

Friluftsområda kan oppdelast etter bruksføremål:

- badeområde
- turområde
- båtutfartsområde
- naturområde

I inndelinga etter lokalisering vert desse omgrepa nytta

- område for bruk ein avgrensa del av dagen.
- dagstufartsområde for heildags- eller todagarsturar i helger.
- ferieområde for bruk i ferier.

Ein har freista å klassifisere areal for friluftsområda i Norddal i samsvar med desse inndelingsformene. Nummereringa refererer seg til kartvedlegget.

		Nær- område	Dagstuf. omr.	Ferie- omr.
Badeområde	1. Linje kai Linje - Muri	x	x	
	2. Muribugnen	x	x	
	3. Dalastranda	x	x	
	4. Kastebukta/Døseneset		x	
	5. Ståstoa, Fjørå (nytt)	x	x	
	6. Ytterdal (nytt)	x		
Turområde	1. Linje - Muri	x		
	7. Klouset - Jentebotnen - Drnula			x
	8. Valldals- og Omenåseter- området			x
	9. Grønningsetra, Grøndalen, Steinvalen, og Djvooalen			x
	10. Øvste- og Nedstetals- området, inkl. Slett- vikane, Langfjellidalen, Ertillidalen og Veste- langdalen			x
	11. Myrheiområdet			x
	12. Heggebotn, Trollkyrkje- botn.			x
	13. Heia i Fjørå			x
	14. Tafjord - Kaldhusseter - Redalen			x
	15. Herdalen - Dyrdalen - Storås			x
Båtutf.- område	16. Kilsti - Flåna - Skre- nakken - Grjølet			x
	17. Grjølet - Snogedalen			x
	18. Eldsheia			x
	19. Haugane	x		
	20. Skårene			x
	21. Valldal småbåthamn	x		
	22. Vika - Ausetbugen	x	x	x
	23. Hamn Norddal	x	x	
	24. Hamn/Naust Eldsdal	x	x	
	4. Øsvik - Øksenestet			x
Natur- område	25. Tafjordfjella		x	x

Bruken av desse områda er mykje avhengig av tilkomsten. Mest nytta om vinteren er Valldalsbotnen, Øvstetol - Slettvikane, Heia i Fjørå, Storås - Hællstad - Dyrdalen og Kilsti - Flåna inn til Eldsheia.

Sesnestid er mykje dei same områda brukte, men i tillegg vert Tafjord - Kaldhusseter - Herdalen og framover i Dyrdalen mykje nytta.

14.2.1. Handlingsprogram for friluftsliv.


Fylkeskommunalt handlingsprogram.

Frå fylkeskommunen er det lagt fram "Handlingsprogram for friluftslivet i Møre og Romsdal". Tiltaka byggjer på opplysningar frå kommunane og prioritert rekkefølge for finansiering og iverksetting.

Område med nasjonal/regional interesse er statleg finansiert. Område av meir lokal interesse må kommunen ta dei i.

1983 Trollstigen Turområde Parkering Kr. 30.000,- frå staten.
(Slettvikane)

1984 Elds Turområde Parkering Kr. 15.000,- frå staten,
Kr. 7.500,- frå fylkesk.,
Kr. 7.500,- frå kommunen.



FRILUFTSLIV

- B Badeplass
- x Småbåthamn
- Turområde
- Naturområde
- Konsentrert utnytting

Norddal kommune